

# Saksframlegg

Kvinnherad kommune

**Saksmappe**

2019/625-46

**Saksbehandlar**

Hildegunn Furdal

Saksgang		
Saksnr	Utval	Møtedato
2021/10	Plan-, teknikk- og miljøutval	01.06.2021
2021/43	Kommunestyret	24.06.2021

## Slutthandsaming - Kommunedelplan for trafikktrygging 2021-2028 - Kvinnherad kommune

### Innstilling frå kommunedirektøren:

Kvinnherad kommunestyre vedtek med heimel i plan- og bygningslova § 11-15 framlegg til kommunedelplan for trafikktrygging 2021-2028.

Trafikktryggingsplanen er ein del av kommunedelplan for samferdsle (del 2), og vert kalla kommunedelplan for trafikktrygging.

### Saksprotokoll i Plan-, teknikk- og miljøutval - 01.06.2021

### Innstilling frå kommunedirektøren:

Kvinnherad kommunestyre vedtek med heimel i plan- og bygningslova § 11-15 framlegg til kommunedelplan for trafikktrygging 2021-2028.

Trafikktryggingsplanen er ein del av kommunedelplan for samferdsle (del 2), og vert kalla kommunedelplan for trafikktrygging.

### Forslag framsett i møte

### Behandling

Kommunedirektøren si innstilling vart samrøystes vedteken.

### Vedtak

Innstilling frå PTM-utvalet:

Kvinnherad kommunestyre vedtek med heimel i plan- og bygningslova § 11-15 framlegg til kommunedelplan for trafikktrygging 2021-2028.

Trafikktryggingsplanen er ein del av kommunedelplan for samferdsle (del 2), og vert kalla kommunedelplan for trafikktrygging.

## **Saksprotokoll i Kommunestyret - 24.06.2021**

### **Innstilling frå kommunedirektøren:**

Kvinnherad kommunestyre vedtek med heimel i plan- og bygningslova § 11-15 framlegg til kommunedelplan for trafikktrygging 2021-2028.

Trafikktryggingsplanen er ein del av kommunedelplan for samferdsle (del 2), og vert kalla kommunedelplan for trafikktrygging.

### **Forslag framsett i møte**

#### **Behandling**

Plan, teknikk og miljøutvalet si innstilling vart samrøystes vedteken.

#### **Vedtak**

***Kvinnherad kommunestyre vedtek med heimel i plan- og bygningslova § 11-15 kommunedelplan for trafikktrygging 2021-2028.***

***Trafikktryggingsplanen er ein del av kommunedelplan for samferdsle (del 2), og vert kalla kommunedelplan for trafikktrygging.***

*Vedlegg:*

Vedlegg 1 – Kommunedelplan for trafikktrygging 2021-2028

### **Samandrag/Saka gjeld:**

Som ein del av kommunedelplanen for samferdsle, skal trafikktryggingsplanen rullerast og oppdaterast. Dette arbeidet er no gjort, og Trafikktryggingsplan 2021-2028 er klar til endeleg godkjenning etter ein innspelsfase og to høyringsrundar.

### **Saksutgreiing:**

#### **Endringar frå førre handsaming, 02.03.2021**

Det er kome inn merknadar/uttalar frå to avsendarar; Trygg trafikk og Husnes vekst. Under er eit samandrag av merknadane og korleis dei vert handsama inn i Trafikktryggingsplanen. Endringane i planen er merknad med gult.

#### **Merknad frå Trygg trafikk**

1. Oppmodar til årleg evaluering av arbeidet knytt til innsatsområda i Trafikktryggingsplanen. Kommentar frå administrasjonen: Kvinnherad kommune ynskjer å evaluere arbeidet knytt til innsatsområda årleg i årsmeldinga, og arbeidet vert lagt inn i årshjulet til Eining for Veg og park i kommunen sitt styringssystem Compilo.

#### **Merknadar frå Husnes vekst** (merknadane i sin heilskap er å finne [her](#)):

1. Usikkerheit knytt til trafikktala for 2010 og 2019 (årsdøgntrafikk) for Husnes, samt kvar dei ulike målepunkta er.

Kommentar frå admin.: TT-planen er ein overordna plan som baserar seg på tal frå SSB og Statens vegvesen. Utover desse tala er det ikkje henta inn ny informasjon, og ein har ikkje gått i detaljar kvar målepunkta er eller kvalitetssjekka informasjonen som ligg føre. Dette må evt. gjerast i eit meir detaljert arbeid knytt til Husnes, til dømes når ein ser på vegsystemet kring Husnes Storsenter.

2. Manglande trafikktal kring Husnes sentrum og på Opsangervegen.

Kommentar frå admin.: Til orientering. Elles sjå kommentar over.

3. Hellandskrysset og lite tiltalende innfallspørt til regionsenteret. Smal og farleg bru for mjuke trafikantar.

Kommentar frå admin.: Forbetring knytt til mjuke trafikantar (GS-bru er med i planen (M-54). Estetikk er ikkje ein del av denne planen.

4. Kaldestadvegen og omlegging av veg nord for bedehuset.

Kommentar frå admin.: Arbeid med trafikksikring av Kaldestadvegen pågår, og ny reguleringsplan omfattar òg denne delen av strekninga. Alternative løysingar vil koma fram i planarbeidet.

5. Positivt at kommunen ser for seg å ruste opp den gamle gardsvegen mellom Grønstøl og Røyrvik. Feil lenkje i kart på tiltak på den gamle gardsvegen mellom Grønstøl og Røyrvik.

Kommentar frå admin.: Utfordringa kring skulevegen i dette området ligg inne i oversikta (156), men minner om at det ikkje er sagt noko om korleis dette skal løysast.

6. Dobbeltkrysset mellom Husnes Storsenter og Panorama er trafikkfarleg og må ordnast, kommunikasjonsknutepunkt og busshaldeplass må plass.

Svar frå admin.: Detaljregulering for kollektivknutepunktet er i gong, og det same gjeld endring av kryssa mellom Husnes storsenter og Panorama (endring av plan). Det vert lagt inn tiltak i Trafikktryggingsplanen (M-72).

7. Autovern langs delar av «Stripo», ved høge skjeringar.

Kommentar frå admin.: Dialogen er oppretta, og midlar til tiltak er løyva. Det vert lagt inn tiltak i Trafikktryggingsplanen (M-73).

8. Kvinnheradpakken, KvP-1: Plassering av ferjestø

Kommentar frå admin.: Til orientering. Dette spørsmålet vert ikkje handsama i denne planen.

## **Bakgrunn**

Arbeidet med kommunedelplan for samferdsle vart starta allereie i 2018, men kom fyrst skikkeleg mot slutten av 2019. Kommunedelplan for samferdsle blir delt inn i tre deler og saman danne kommunedelplanen:

1. Overordna mobilitetsstrategiar
2. Rullering av trafikksikringsplanen
3. Hovudplan for vegar i kommunen

Gjeldande trafikksikringsplan vart vedteke 20.12.2012, og det er naudsynt med ei rullering for å oppdatere planen til situasjonen i dag.

Trafikktryggleik, folkehelse og miljø er knytt saman, og vil ofte handle om kjensla av å føle seg trygg uavhengig av om ein går, sykklar, er rørslehemma eller sit i eit køyretøy. Kommunen er ein viktig aktør i trafikksikringsarbeidet og har eit stort ansvar for å førebygge ulukker. Godt trafikksikringsmiljø gjer kommunen bra omdøme, færre skadar og nøgde innbyggjarar. Med bakgrunn i dette vart Kvinnherad kommune godkjend som Trafikksikker kommunen 26.09.2018. Godkjenninga er eit kvalitetsstempel for godt, målretta og heilskapleg arbeid med trafikktryggleik, men det betyr ikkje at arbeidet er ferdig.

Ein trafikksikringsplan skal leggja grunnlag for målretta og systematisk trafikktryggingsarbeid i Kvinnherad, både på kommunalt og fylkeskommunalt vegnett. Gjeldande trafikksikringsplan er frå 2012 og det er kome nye føringar frå statlege og regionale nivå som må innarbeidast i ein revidert trafikksikringsplan i lag med oppdateringar over kva som er gjort og kva det er behov for.

### *Fokus og hovudmål for planen*

Trafikksikringsplanen skal ha hovudfokus på born og unge sin tryggleik og vere ein heilskapleg plan for å trygge dei mjuke trafikantane. Hovudmåla for arbeidet med TS-planen vil vere:

- Synleggjere kommunen sitt ansvar og satsingsområde
- Haldningsskapande arbeid
- Få oversikt over alle trafikkfarlege stader i kommunen (inkludert planstatus)
- Prioritere tiltak
- Sikre at dei kommunale ressursane til trafikktrygging blir sett inn der dei gjev størst effekt

Trafikkulukker utgjer ein vesentleg helseisiko og gjer store samfunnsøkonomiske kostnader kvart år. Å redusere talet på ulukker og skadde i trafikken er såleis eit viktig mål i all kommunal planlegging. Det er viktig at planen er realistisk, praktisk og kan gjennomførast. For at planen skal bli slik, må ein ta val og prioritere. Trafikksikringsplanen må vere tydeleg. Handlingsdelen skal ta

utgangspunkt i hovudplanen og vise korleis planen skal følgjast opp dei neste 4 åra, til dømes vise satsingsområda og skildre korleis ein skal følgje opp hovudmåla i planen. Handlingsdelen skal reviderast årleg, og kva tiltak og oppgåver som skal prioriterast, skal kome fram i denne delen. Økonomiplanen skal følgje handlingsdelen og økonomiske rammer følgjer av denne.

Rullering av trafikksikringsplanen 2012-2020 starta medan arbeidet med planprogrammet framleis føregjekk. Planprogrammet vart sendt på høyring 18. juni 2020. Uttalane og merknadane knytt til trafikksikring som kom inn til planprogrammet, er vurdert i høve til trafikksikringsplanen.

#### *Medverknad:*

Innspelsperioden for rulleringa av kommunedelplan for trafikksikring starta 12.03.2020 og vart lukka 18.05.2020. Grunna Covid19-situasjonen, vart medverknadsaktivitetar ute blant folk kansellert, men til gjengjeld har ein prøvd å nå friviljuge organisasjonar, bygdalag, skular og FAU gjennom e-post-kommunikasjon og informasjon på kommunen si heimeside, facebook-side, aviser, Instagram (kvinnherad2050), Kvinnherad2050.no med meir. Særskilt FAU-styra og bygdalag har engasjert seg, samt mange privatpersonar.

Det er i alt kome inn kring 200 innspel, samt innspel knytt til arbeidet med kommuneplanen Kvinnherad2050. I tillegg er det sett mot medverknadsprosessen knytt til områdereguleringa på Sunde og i Rosendal (innspel og barnetråkk). Tiltak som ikkje er gjennomført i gjeldande trafikksikringsplan, er vidareført.

Her er ei lenkje som viser dei fleste innspel til trafikksikringsplanen (ikkje heilt oppdatert):

<https://kommunekart.com/klient/kvinnherad/kart?urlid=10f78924-a817-4333-a3f4-9767936eb305>

I Kvinnherad kommune har 92 elevar vedtak om fri skuleskyss grunna farleg eller vanskeleg skuleveg. Mange av dei farlege strekningane skuldast mangel på fortau eller gang- og sykkelveg, og vegane er smale og uoversiktlege. I tillegg er ferjetrafikk ei utfordring på mange av strekningane (<https://kommunekart.com/klient/kvinnherad/kart?urlid=10f78924-a817-4333-a3f4-9767936eb305>). Kvinnheradpakken kjem til å omfatta mange av desse strekningane.

#### **Tidlegare handsamingar:**

Plan-, teknikk- og miljøutvalet vedtok i møtet 08.09.2020 å sende planforslag for kommunedelplan for trafikksikringsplan på høyring.

#### *Vedtak frå Plan-, teknikk- og miljøutval den 08.09.2020*

1. Plan-, teknikk- og miljøutvalet sluttar seg til forslag til rullering av kommunedelplan for trafikksikring 2020-2028.

2. Planforslaget skal sendast på høyring og leggjast ut til offentleg ettersyn med merknadsfrist på seks veker frå kunngjeringsdato, jamfør plan- og bygningslova § 11-14.

Planforslaget vart sendt på høyring og lagt ut til offentleg ettersyn med merknadsfrist 15.11.2020. Det kom inn svar frå 20 ulike mynde, lag og organisasjonar.

Då mange av merknadane som kom inn under ordinær høyringsrunde dreia seg om konkrete nye fysiske tiltak, samt endra prioritering av fysiske tiltak i planforslaget, valde plan-, teknikk- og miljøutvalet å sende ut eit revidert planforslag på avgrensa høyring. Revidert planforslag vart sendt til eit avgrensa utval offentlege mynde, samt dei som leverte inn merknadar, med merknadsfrist 23.04.2021.

#### Vedtak frå Plan-, teknikk- og miljøutvalet i møtet 02.03.2021

1. Plan-, teknikk- og miljøutvalet sluttar seg til revidert planforslag til rullering av kommunedelplan for trafikkisikring 2020-2028.
2. Planforslaget skal sendast på avgrensa høyring som følgje av justeringane som er gjort etter 1. gangshandsaming og vert lagt ut med merknadsfrist på seks veker frå kunngjeringsdato, jamfør plan- og bygningslova § 11-14.
3. Punkt 44 – Løfallstrand – gang og sykkelveg Løfall til Neslia – vert merka til grøn sone.  
- revidert planforslag vert sendt på høyring til statsforvaltaren, fylkeskommunen, Statens vegvesen, Trygg Trafikk og Politiet, samt til innsendarar av merknadar.

#### **Økonomisk berekraft:**

Trafikkulukker utgjer ein vesentleg helse- og økonomisk risiko og gjer store samfunnsøkonomiske kostnader kvart år. Trafikkisikringsplanen er eit verkemiddel i arbeidet med å redusere talet på trafikkulukker og skadde i trafikken og såleis redusere desse kostnadane.

For å framleis sjå ein nedgang i talet trafikkskadde og nå målsetjingane til kommunen, er det er føresetnad at naudsynte ressursar vert gjeve til trafikkisikringsarbeidet; både lokalt, regionalt og nasjonalt. Ved å gjere tiltak på strekningar som er farlege skulevegar, får ein frigjort ein del midlar som per 2020 går til fri skuleskyss. Vidare er det viktig at mjuke trafikantar ikkje vert ein salderingspost.

#### **Miljø og klima berekraft:**

I arbeidet med kommuneplanen Kvinnherad2050 er det fokus på tre perspektiv: Attraktiv, frisk og grøn. Medverknaden kring Kvinnherad2050 viser at folkehelse og klima er viktig for innbyggjarane, og moglegheita for å kome seg trygt rundt i nærmiljøet og i kommunen vert sett høgt. Ved å fremje miljømessige gode løysingar og tilrettelegging for mjuke trafikantar, mellom anna ved at fleire lar bilen stå, vil det ha positive konsekvensar for miljøet (reduksjon i klimagassutslepp, støv, støy osv.) og gjere Kvinnherad meir attraktiv.

#### **Sosial berekraft:**

Tryggare og betre vegar for køyrande og for mjuke trafikantar bidreg til auka fysisk aktivitet. Færre skadde og drepne, betre folkehelse og betre framkome for alle uansett funksjonsevne bidreg til eit betre, grønnare, friskare og meir berekraftig samfunn, som igjen er meir attraktivt for innbyggjarane og moglege tilflyttarar.

#### **Berekraftsmål nr 17 – om samarbeid**

Deltakarane i arbeidsgruppa har vore representantar frå Politiet, FAU, Trygg Trafikk, Vestland fylkeskommune, samt ulike einingar i kommunen. Vidare har det vore ein lengre innspelsrunde der innbyggjarar, grupper og einingar i kommunen har hatt moglegheit å kome med innspel til trafikktryggingssplanen.

Det er mange ulike tiltak i planen: åtferd- og haldningsskapande tiltak, organisatoriske tiltak og fysiske tiltak. Tiltaka er avhengig av at eit breitt spekter av partar tek ansvar, mellom anna Politiet, Trygg Trafikk, Statens vegvesen, Vestland fylkeskommune og Kvinnherad kommune. Sist, men ikkje minst, er det opp til innbyggjarane å ta ansvar. Saman skal ein sørgje for at ingen vert skadde eller drepne på vegane i Kvinnherad.